



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

# Årsrapport 2015

## SMIL- og dreneringstilskot Rogaland

26.01.2016



Av Nono Dimby

Foto: Kristin Hesby

## Rammer for SMIL- og dreneringstilskot i 2015 og disponibelt for 2016

	<b>SMIL</b>	<b>Drenering</b>
Rogaland sin tildelte årsramme for 2015	8,00 millionar	2,00 millionar
<u>Unytta fra 2014 og inndratte midlar i 2015</u>	<u>3,35 millionar</u>	<u>4,33 millionar</u>
<b>Til disposisjon for 2015</b>	<b>11,35 millionar</b>	<b>6,33 millionar</b>
<b>Løyvd i 2015</b> (173 søkerar derav 17 på gjerdeklyvarar)	<b>9,77 millionar</b>	<b>1,51 millionar</b>
Rogaland sin tildelte årsramme for 2015	8,00 millionar	2,00 millionar
<u>Unytta midlar overført til 2016</u>	<u>1,58 millionar</u>	<u>5,11 millionar</u>
<b>Til disposisjon for 2016</b>	<b>9,58 millionar</b>	<b>7,11 millionar</b>

## Bruken av SMIL-midlane i 2015

### Generell vurdering

Vilje til å vedlikehalde miljøverdiane i kulturlandskap ut over lovpålagde oppgåver, skal vere utløysande for å få løyvd tilskot. Med reduserte nasjonale rammer innan SMIL-ordninga fekk Rogaland tildelt 8 millionar i 2015 (10,5 millionar i 2014).

Endringar i SMIL-forskrifta i 2015 avgrensa søkerane til bønder som kunne søkja, - og ta imot produksjons- og avløysartilskot. Følgjeleg blei tal søkerar redusert frå 233 i 2014 til 173 i 2015. Som i tidlegare år har det vore mest aktivitet på kulturlandskapstiltak. Samanlikna med 2014 er den forholdsvis aktiviteten på ureining tridobla seg, frå 9,8% i 2014 til 29,6% i 2015.

### Fordeling av løyvd SMIL-tilskot fra 2011 til 2015 var slik (avrunda tal):


	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>		<b>2015</b>	
Tal søkerar	224	207	207	233		<b>173</b>	
Kulturlandskapstiltak	9 197 000	9 419 000	9 496 000	12 711 000	77,2%	<b>6 328 000</b>	<b>64,8%</b>
Miljøtiltak	1 355 000	1 810 000	1 833 000	1 619 000	9,8%	<b>2 889 000</b>	<b>29,6%</b>
Planleggingstiltak	1 048 000	905 000	1 049 000	2 139 000	13,%	<b>553 000</b>	<b>5,7%</b>
<b>Sum</b>	<b>11 570 000</b>	<b>12 134 000</b>	<b>12 338 000</b>	<b>16 470 000</b>		<b>9 759 000</b>	

### SMIL-tilskot til planlegging og tilrettelegging: 0,55 millionar (5,7%)

Desse midlane går til planlegging og tilrettelegging av tiltak på tvers av grunneigedomar og som oftast i regi av kommunane. Dei løyvde SMIL-midlane nyttast mellom anna til å lage overordna skjøtselsplanar, kart over turstiar, ferdssels- og informasjonstiltak,- og planlegging av reinseparkar. Ei føresetnad for løyving av SMIL til slike føremål er at aktive bøndene etter den plana, følgjer opp med å søkja SMIL til tiltak på eigen gard.

I 2015 var tilrettelegging av tiltak mot ureining i fokus. Det ble til dømes løyvd SMIL-midlar til å overordna kartlegging og føreslå tiltak:

- mot næringsavrenning og erosjon ved open åker i Klepp kommune
- mot diffus avrenning frå innmark i Finnøy kommune og
- mot næringsavrenning langs Storånavassdraget i Sandnes kommune.



## **SMIL-tilskotet til kulturlandskapstiltak: 6,32 millionar (65,8%)**



### **34,8% til bygningar og andre kulturminnar (3,3 mil.)**

Aktiviteten på restaurering på freda/verneverdige bygg i 2015 har som i tidlegare år, vært høg. Samarbeidet mellom kulturminnemyndigheitar og landbruksforvaltninga i kommunane gjer at bygningar med høg samfunnsmessig og kulturhistorisk verdi har blivne ivaretakne.

Vedlikehald av steingarder har hatt stor oppslutning på Jæren i mange år.

### **17% til kulturlandskapstiltak (1,6 millionar)**

Forvaltninga har i jobba mye for å motivere bønder til innsats for å ivareta kystlynghei, gamal kulturmark og anna biologisk mangfald. SMIL-løyvingar til skjøtsel av kystlynghei dominerte i 2015 og er spreidd over heile Rogaland. Eit vilkår for å nytte SMIL-midlar til tiltak for å ivareta åkerrikса er at miljødirektoratet bidrar med 40% av det samla tilskotet.



Eit døme på god involvering på tvers av fagområdar er at bønder i Tysvær, fekk brannvesenet med på organisert lyngbrenning i 2015.

Foto: Atle Grimsby



### **14% til tiltak på opplevelingar/ferdsel (1,32 millionar)**

Bøndene har gjennom 25 år, lagt til rette for å styre trafikken av turgårar slik at det blir minst mogleg ulempe for den daglege gardsdrifta. I dag er det minst 732 km med kartfesta turstiar på innmark i Rogaland. Turstiane i utmark kjem i tillegg. Dei eksisterande turstiane er mykje brukt og det er fortsatt eit behov for nye turstiar i fylket.

Døme på SMIL-tiltak i 2015 er rydding langs turstiar, merking av turstiar, tilrettelegging av parkeringar, badeplasser og reparasjon av gamle trebruer.

10 kommunar fekk i 2015 til saman 185 gjerdeklyvarar gjennom SMIL-ordninga. Etter søknad frå aktive bønder blir gjerdeklyvarar sett ut langs etablerte turstiar på inn- og utmark.

Fylkesmannen har i tillegg løyvd til saman 46 gjerdeklyvarar til 17 individuelle søkerar.

## **SMIL-tilskot til miljøtiltak: 2,88 millionar (29,6 %)**

Aktiviteten på ureiningstiltak tok seg kraftig opp i Rogaland i 2015 samanlikna med tidlegare år. Det er løyvd SMIL-midlar til etablering av 22 nye reinse-parkar i Rogaland i 2015. For fyste gong er det løyvd SMIL-midlar til oppsamling og gjenbruk av gjødselvatn frå veksthus.

Iverksetjinga av handlingsplan for vassforvaltning i 2016 medfører krav til ein auka innsats frå landbruket sin side på tiltak som reduserer avrenning av næring og jordpartiklar til vassdrag.



## Dreneringstilskot i 2015

Rogaland sin årsramme for dreneringstilskot	: 2,00 millionar
<u>Unytta midlar overført frå 2014</u>	: 4,33 millionar
Til disposisjon for dreneringstiltak i 2015	: 6,33 millionar

### Rogaland har på lik linje med tidlegare år låg oppslutning om dreneringstilskotet i 2015.

9 sokjarar fekk løyvd totalt 1,51 mill. i drenerings-tilskot i 2015. Dei mest aktive kommunane var Lund, Bjerkeim, Vindafjord og Hå.

Det kjem klårt fram at trass i aktiv aktivitet på drenering i Rogaland er dreneringstilskotet for lågt til å kunne utløyse interesse for å søkja om tilskot.



## Oppsummering 2015

**SMIL er en god innfallsport til positive tiltak** for kulturlandskapet, biologisk mangfald eller for tilrettelegging for friluftsliv. Skjøtselskrav i RMP vil i mange høve sikre at dei same verdiane i innmark og utmark, og andre viktige kulturlandskapselement blir ivaretakne og vedlikehalde.

**Fylkesmannen opplever jamt over, ein god kommunal innsats på at bruken av SMIL-midlar** er etter nasjonale og regionale mål innan kulturlandskap, biologisk mangfald og ureining. Vi visar spesielt til at kommunane i 2015 tridobla sine løyvingar til ureiningstiltak.

**Fylkesmannen hadde 5 samlingar om SMIL- og drenering for tilsette i kommunane i 2015.** Samlingane fann stad på Jæren, Nord-Jæren, Dalane, Ryfylke og Nord-Fylket. Målet med desse samlingane var å informere, rettleie og motivere kommunane til god målretting av SMIL-midlane for å følgje opp nasjonale og regionale målsettingar. Oppdatering av dei kommunale 4-årige SMIL-strategiane hadde eit særskilt fokus.

**I 2015 kom det fram at fleire kommunar må oppdatere sine SMIL-strategiar.** Vedtak etter SMIL-forskrifta utan ein politisk godkjend SMIL-strategi er etter SMIL-forskrifta å anse som eit ugyldig vedtak. Dette kjem Fylkesmannen til å handheva frå 2016 av.

**Det har vært ein stor auka i ureiningstiltak i 2015 samanlikna med tidlegare år.** Dette kan òg vere ein følgje av at ordninga i RMP med tilskot til miljøvennlig spreiing av husdyrgjødsel er utvida til fleire områdar i Rogaland.

### Fylkesmannen påpeikar at følgjande tema ligg utanfor SMIL-ordninga

- rydding i attgrodde innmarksbeiter og inngjerding innmark mot utmark som ikkje er registrert i Naturbasen er å anse som "vanleg landbruksdrift" og ligg utanfor SMIL-ordninga og
- oppføring av heilt nye steingardar

**Mange bønder som er positive til å drenere** men dreneringstilskotet er for lågt til å kunne utløyse interesse for å søkja om tilskot

**Styringsgruppa for SMIL-ordninga i Rogaland har hatt 1 møte i 2015.** Styringsgruppa skal i hovudsak bidra med innspel og idear til betre målretting og heilskapleg bruk av SMIL-midlar, og vere eit bindeledd mellom forvaltninga, fagfolk og fagorganisasjonar i landbruket.